



Referat frå kommunemøte torsdag 28. mai

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen v/tannhelsetenesta og KS

Ikkje til stade: Austrheim kommune, Eidfjord kommune, Fitjar kommune, Hyllestad kommune, Samnanger kommune, Sogndal kommune, Solund kommune, Sveio kommune og Tysnes kommune

1. Informasjonssaker

Tidspunkt for kommunemøte

Nytt telefonmøte med kommunane vert førstkomande torsdag 4. juni kl. 13.30. Av praktiske årsaker ber vi kommunane om å ringe/kople seg opp i møtet seinast klokka 13.15.

2. Undervegs-evaluering

Vi minner om svarfristen for spørjeundersøkinga som vart sendt ut til beredskapskontaktane i kommunane er fredag 29. mai.

Vi har sendt ut innkalling til evalueringsmøte 16. og 17. juni. Vi deler kommunane i tre for å leggje til rette for at alle får høve til å kome med innspel. Vi ønskjer eit eige møte med Bergen kommune.

Vi fekk feilmelding på e-postadressa til 14 rådmenn, truleg grunna ei oppdatering av e-postsystemet vårt. Vi ber difor om at de tek ein runde internt for å forsikre dykk om at møteinvitasjonen er sendt vidare internt, slik at dei som er ønskeleg og relevant å ha med som deltakarar har fått den.

3. Evaluering i kommunane

Vi har fått spørsmål om vi har ein mal for evaluering som kommunane kan nytte seg av når det skal evaluere handteringa av Covid-19 pandemien. Vi har ingen slik mal, og er heller ikkje kjent med at nasjonale styresmakter per i dag har ein slik mal.

Det er viktig å hugse at pandemien ikkje er ferdig. Viss kommunen gjer ei undervegs-evaluering, bør merksemda vere på korleis handteringa har gått så langt, og om det er læringspunkt ein burde følgje opp for å vere budd på ei mogleg ny smittebølge. Funna evalueringa bør vere så konkrete som mogleg og følgjast opp i ein plan for forbetring.

Vi har ikkje ein fasit på kva ei evaluering bør innehalde, men her kjem eit par innspel frå oss om tema som bør vurderast:

- Organisatoriske forhold (t.d. korleis kriseleiinga fungerte) og på dei konkrete tiltaka som vart sett i verk eller planlagt.
- Korleis samarbeid og samordning internt har fungert (t.d. mellom ulike tenesteområde)
- Korleis samarbeid og samordning med andre aktørar har fungert (m.a. andre styresmakter, helseføretak, andre kommunar og lokale beredskapsaktørar)



- I kva grad eksisterande planverk har fungert, og identifisere om det er behov for endring
- Korleis pandemien og tiltaka som har vore sett i verk har påverka viktige samfunnsfunksjonar, særleg kommunen si evne til å oppretthalde kritiske tenester
- Informasjonsarbeidet så lagt i handteringa

4. Rapportering

Planscenario

Vi har bedt kommunane rapportere på arbeidet med beredskapsplanlegging med grunnlag i planføresetnadar gitt av Helsedirektoratet. Vi fekk onsdag ettermiddag beskjed om at fristen for innrapportering er utsett ei veke. Siste frist for innrapportering er no **måndag 8. juni kl. 10.00.**

Planføresetnaden som Helsedirektoratet har utarbeidd seier noko om kor mange ein kan forvente at vil bli smitta. Det tek utgangspunkt i eit veldig potent nasjonalt scenario, omtalt i [regjeringa sin langsiktige strategi og plan for handteringa av pandemien](#). Det skildrar ein så kraftig auke i talet sjuke at det vert svært vanskeleg å tilby gode helse- og omsorgstenester til alle som treng det.

Samstundes som Helsedirektoratet varsla den utsette fristen for rapportering, har dei òg gjort ein revisjon av scenarioet. Endringa inneberer at talet sjuke (personar med symptom) vert noko høgare. Det er ikkje naudsynt at dei som allereie har sendt inn rapportering sender på nytt ettersom dette berre er ei mindre endring.

Fare for vårflaum

Vi minner òg om rapporteringa om beredskap knytt til flaumfaren. Det er dei kommunane der det er eit potensiale for vårflaum som må rapportere om status til oss, slik at vi igjen kan rapportere eit samla bilde frå Vestland til nasjonale styresmakter. Fristen er **tysdag 2. juni kl. 11.00.**

5. Covid-19-forskrifta

Endringar i § 18

Den 18. mai, fire dagar etter førre kommunemøte, kom dei ei endring i covid-19-forskrifta. Denne endringa inneber at kommunane har ansvar for å gjennomføre tilsyn med arrangement og verksemder som er tillatne etter kapittel fire i forskrifta, i tillegg til kapittel tre om opplærings- og utdanningsverksemder som var omfatta tidlegare. Dette utvidar tilsynsrolla til kommunane med til dømes kulturarrangement, serveringsstadar der det vert servert mat, frisør-, hudpleie-, og tatoveringstenester med meir.

Fylkesmannen er ikkje kjent med at det er kome noko utdjupeing om kor inngåande tilsynet skal vere. Det tyder i alle fall at kommunane må rettleie verksemdene i korleis dei kan overhalde krava i forskrifta.

Spørsmål om forskrifta

Ut frå det som kjem vidare til oss hjå Fylkesmannen, kjem det mange spørsmål om ulike tilskipingar, til dømes mindre festivalar og liknande. Som kommunane erfarer, er det ikkje lett å svara på spørsmål som gjeld tilskipingar fram i tid, til dømes i juli. Regjeringa har varsla at dei tek sikte på å auka på 50 deltakarar på offentlege tilskipingar til 200 frå 15. juni. Regjeringa har òg varsla at vilkåret om at dei serveringsstadane som skal vera opne, må kunne servera mat, vil avskaffast frå 1. juni, men at det i



staden vert stilt eit nytt vilkår om sitjeplassar og servering ved borda. Altså opnar det for at reine pubar og barar kan opna. Men vi har enno ikkje fått desse nye reglane og kva retningslinjer som følgjer med, så det er vanskeleg for oss å utdjupe dei.

Kvam herad stilt spørsmål om dei varsla krava til serveringsstader om sitjeplassar og servering ved borda òg gjeld for servering på festivalar? Slik Fylkesmannen tolkar føremålet med regelen meiner vi svaret her vil vere ja, slik at ein festivalbar må reknast som ein serveringsstad. Vi tilrår at arrangørar tek høgde for at dei må ha eventuell mat- og alkoholservering ved bord, og så må vi berre følgja med på dei endringane som kjem i forskrifta og om utdjupande rettleiing seier noko anna.

Vi ønskjer elles å vise til informasjonssida på regjeringen.no som heiter «spørsmål og svar om arrangement. Denne vert oppdatert fortløpande. Sida finn de her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-arrangementer/id2703876/>

6. Rettleiar for produksjon av frukt, bær, grønsaker og potet

Mattilsynet har publisert ein ny rettleiar for produksjon av frukt, bær, grønsaker og potet. Fylkesmannen i Vestland har delteke i arbeidsgruppa som har laga rettleiaren. Målsetjinga med arbeidet har vore å ta vare på helse til arbeidarane, halde matproduksjonen oppe og sikre at maten som vert produsert er trygg.

De finn rettleiar på mattilsynet.no:

https://www.mattilsynet.no/Utbrudd_av_koronavirus/Dyrking_og_planter/smittevern_i_produksjon_av_frukt_baer_gronnsaker_og_potet.39079

De kan òg lese meir om rettleiaren på nettstaden til Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/landbruk-og-mat/jordbruk/ny-rettleiar-for-smittevern-i-landbruket/>

7. Skule og barnehage

Ny smitterettleiar barnehage og skule

FHI har laga ein trafikklysmodeell med grønt, gult og raudt nivå som viser kva smitteverntiltak barnehagar og skuler skal følgje. Det er den generelle smittesituasjonen i Noreg som avgjer nivået som skal følgjast. Slik situasjonen er i dag skal all planlegging skje ut i frå gult nivå. Dette er bestemt av nasjonale helsestyresmakter. Det er samstundes viktig å ha tenkt på korleis ein skal kunne gi eit tilbod ved endring i smittenivå. Meir informasjon om denne tilnærminga finn de her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/trafikklysmodeell-for-smitteverntiltak-for-barnehager-og-skoler/>

Oppdatert rettleiar som tek utgangspunkt i denne tilnærminga er venta i morgon (fredag). Denne vil bli publisert på udir.no.



Utdanningsdirektoratet informerte under eit møte med embeta i dag (torsdag) om at det vil kome føringar på når lokale smittevernmyndigheiter vil kunne ta lokal avgjerd knytt til dette.

Skyss

Problemstillinga knytt til manglande skuleskyss grunna smitteverntiltak vert drøfta med Utdanningsdirektoratet i dag (torsdag). Direktoratet informerte om at dette er høgt på agendaen i Kunnskapsdepartementet, men at dei framleis ikkje har kome med ei løysing.

Fylkeslegen understrekar at tilbakemeldingane som har kome frå Helsedirektoratet er at rettleiarar og råd ikkje er absolutte krav. Det vil si at det er rom for å gjere lokale smittevernfaglege vurderingar ut i frå den lokale smittesituasjonen.

Foreldrebetaling

Vi har fått tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet om at dei no vil jobbe fram eit svar på korleis ein skal gjere det med foreldrebetaling for SFO og barnehageplassar for born som ikkje kan nytte tilbodet. Fylkesmannen vil publisere dette på vår nettstad så fort dette føreligg.

8. Lokale vurderingar av smittesituasjonen og tilpassing av tjenester og aktiviteter

Dei fleste trur no at det mest sannsynleg ikkje vil kome ein ny smittebølge før utpå hausten. Det er likevel viktig at ein har ein beredskap for at ting kan endre seg. Det vil òg kunne kome større og mindre lokale smitteutbrot i tida som kjem, og som er viktig at ein er budd på handtere. Eit døme på slike utbrot er det vi ser i Hardanger no.

Helsestyresmaktene har kome med mange råd og retningslinjer de siste månadene. Desse har våre relativt enkle å innføre, og få folk til å følge. Den perioden vi er inne i no, med ei gradvis normalisering av samfunnet, er meir krevjande.

Fylkeslegen har vore i dialog med Helsedirektoratet for å sikre at vi er samkøyrte i den vidare fasen. Signala vi får frå direktoratet er at vi i tida som kjem må i større grad gjere lokale vurderingar. Som det vart nemnt tidlegare så er rettleiarar, råd og tilrådingar ikkje krav. Det er difor eit rom for lokalt skjønn og lokal tilpassing til smittepress i eigen kommune. Dette er ikkje berre eit rom som kommunane får, men eit rom vi venter at de nyttar dykk av. Det er samstundes viktig at dei lokale tilpassingane ein gjer er basert på konkrete vurderingar.

Vi ser elles at det er ein del tenester som ein godt kunne opna raskare for å minimere dei negative konsekvensane. Vi ønskjer å trekke fram ei gruppe som vi meiner at det er særleg viktig å prioritere å få på plass tenester for, nemleg barn og unge. Til dømes kan der gjerast lokale vurderingar av og auke takten på å opne opp fir fritidsaktivitetar for born og unge. I dette arbeidet vil det vere viktig å ha eit særleg blick på korleis ein skal få tak i dei som særleg har behov for eit tilbod som bidreg til å gi struktur og meningsfylt innhald i kvardagen.

I prosessen med å opne samfunnet så er det viktig at ein retter litt merksemd mot at mange har vore redde, og framleis er redde. Det vil ta tid å få normalisert dette, men her må vi bidra både gjennom vårt virke og som medborgarar.

Sjølv om vi nå arbeider med å normalisere samfunnet er det viktig å understreke at det er viktig at dei grunnleggjande hygieneråde framleis oppretthaldast.



9. Rettleiar for kvalitetsjekk av smittevernutstyr

Helsedirektoratet har saman med FHI utarbeidd ein rettleiar for korleis kommunar kan få kontrollert kvaliteten på andedrettsvern av typen munnbind. Rettleiaren er publisert på nettstaden til Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/smittevernutstyr-og-legemidler>

Når det gjeld kontroll av kvaliteten på andedrettsvern av typen masker (FFP2, FFP3 og N95) vil det kome meir informasjon om dette etter kvart.

10. Tilførsel av smittevernutstyr

Vi får no ei betydeleg tilførsel av smittevernutstyr i den nasjonale leveringslinja. Dette er utstyr som kommunane får gratis frå nasjonale myndigheiter. Vi har fanget opp nokon tilbakemeldingar om at det er litt utfordringar med lagerplass ute i kommunane. Vår klare oppfordring er at de må få på plass lager for å kunne ta imot det utstyret som kjem. Vi har òg diskutert dette med helseføretaka som har sagt at dei vil ta opp dette til diskusjon med sine kommunar i dei etablerte forsyningsutvala.

11. Influensavaksine og pneumokokkvaksine

Slik vi ser det bør det vere stor interesse for årets influensavaksine, da det er eit mogleg scenario at at neste sesonginfluensa og ein ny smittetopp av covid-19 vil vere samanfallande. Vi ønskjer i den samanheng å minne om at frist for vaksinebestilling for kommunane er 1. juni (utvida frå 1. mai).

Ved bestilling av influensavaksine må kommunane ta omsyn til ei mogleg auka etterspurnad og behov komande sesong. Vi forstår at det kan vere krevjande å ha full oversikt over kor mange vaksiner ein bør bestille, særleg ettersom apoteka og kan bestille og sette vaksiner. Vi oppmodar kommunen til å ha særleg merksemd på ein høg vaksinerings av eigne tilsette, særleg innan helse sektoren.

Situasjonen for pneumokokkvaksinene ser òg lysare ut enn den har vore tidlegare år. FHI har så langt distribuert 18.000 vaksiner, og har 18.000 til på lager. Dei vil òg vå 40.000 nye doser i juni.

12. Testing ved hjelp av spytt

Helsedirektoratet informerer om at ein etter kvart truleg vil kunne nytte spytttesting til diagnostikk, men vi veit ennå ikkje bår dette vil bli tilgjengeleg. Per dags dato er det ikkje mykje data på kvaliteten på spytttesting i forhold til PCR, men det vert gjort undersøkingar. Spytttesting vil kunne gjere det mogleg å utføre testing heime, og kan føre til eit redusert behov for smittevernutstyr ved testing.

Det skal gjennomførast ein pilot av spytttesting før ein eventuelt startar å utføre spytttesting i heile landet. Det vil difor ta litt tid før det eventuelt skjer.



13. Tilråding om besøk i helse og omsorgsinstitusjonar og tiltak mot sosial isolering

Helsedirektoratet publiserte i går nye tilrådingar for besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar og tiltak mot sosial isolering. FHI leverte samstundes utfyllande tilhøyrande smittevernlege råd. Meir om dette finn de i kapittel 9 i Helsedirektoratets koronarettleiar:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/besok-i-helse-og-omsorgsinstitusjoner-og-tiltak-mot-sosial-isolering>

Det er òg utarbeidd ein informasjonsfilm. Denne finn de her:

<https://www.facebook.com/helsedirektoratet/videos/1110773062613446/>